

PLS

08 173-142  
4123

SETESDAL REGIONRÅD



## Samferdselsdepartementet

Postboks 8010 Dep

0030 O

Vår ref:  
2005/271-82

Sakshandsamar:  
Signe Sollien Haugå  
☎ 37937525  
post@setesdal.no

Arkiv:  
Q12

Dato:  
30.04.2008

## Høringsuttale til Nasjonal Transportplan 2010-2019 frå Setesdal Regionråd

Setesdal Regionråd viser til høringsdokumentet Nasjonal Transportplan 2010-2019 (NTP)

Riksveg 9 -del av stamveg rute 4 c - er den viktigaste infrastrukturen vi har i Setesdal.

### Større samla rammer til vegar

Styret i regionrådet understrekar at dei samla rammene både til drift/vedlikehald må aukast betydeleg - og at rammene til investeringar bør auke med 60-100 % i komande 10-årsperiode. Ein meiner vidare at stamvegane må halde fram å vere statleg ansvar og at investeringsramma til desse må aukast og prioriterast høgast.

### Konkrete innspel til NTP utkastet vedrørende Riksveg 9 :

- Vi er nøgde med at NTP har brei omtale av RV 9 og at parsellen Tveit - Langeid ligg inne.
- Ein gjer vi merksam på at løyvingane på 80+120 mill til parsellen som er presentert i div. orienteringsmøte er utegløymt i tabell - og må spesifiserast i tabelloversyn, s. 213. Tilsvarande er prosjektet utegløymt på tilhøyrande kart s 216 og ein ber om at det og blir justert inn.
- For oss er det viktig at utbygginga held fram utan opphald og utan nedjustering av krav til vegstandard.

### Riksveg 9 som pilot for nye former - landevegsutbygging

Vi ønskjer å fremje Riksveg 9 som pilotprosjekt for staten for å utvikle og prøve ut nye måtar å drive landevegsutbygging - og helst i tett samarbeid med Statens Vegvesen som vi har sær gode røynsler med.

I pågåande utbygging innafor "Setesdalspakka" har både kommunane og i sær næringslivet medverka med store økonomiske bidrag for å sikre utbyggingstakt og planlegging. I alt 19 av 123 mill p.t. er framskaffa slik - i tillegg til at ein kommune har forskottert 22 mill. som går inn i pakka.

Setesdalskommunane er motiverte og budde for ny runde med St. proposisjon for å sjå på måtar å sikre prosjektfinansiering og vidare utbygging etter Ose-Tveit- Langeid - parsellen. Under føresetnad av at føringar i NTP og St.prop.1 (2007-08) blir innfridd manglar vi knapt 300 mill for å fullføre utbygging til 2-felts veg gjennom dalen. Vi har intensjonar om å kunne medverke til at det kjem 50-100 mill. som lokal/regional delfinansiering - dersom staten finn resterande beløp. Mest ønskeleg hadde ramma til

riksveg 9 blitt auka opp til dette nivået allereie i endeleg NTP/ St.meld slik at prosjektet kan slutførast i planperioden utan ekstra rundar for sentrale styresmakter.

### Riksveg 9 som del av samla utfordringsbilete for vegprosjekt på Sørlandet.

Vi står saman med "Bedre Stamveg på Sørlandet" om felles innspel til NTP. Vi stør krav om høgare vekst i løyvingane til stamvegane for og å kunne gå inn på nye utbyggingstiltak - i tillegg til dei mindre utbetringar og slutføring av påbegynte prosjekt som alt er innarbeid i NTP-utkastet. Kravet om eit krafttak dei neste 10 åra reflekterer etterslep og heilt naudsynte behov i Agder.

### Til hovudgrepa i ny NTP

Vi er samde i og sluttar oss til følgjande:

- o Hovudgrep med å ta att etterslep og fullføre prosjekt som alt er sett i gong.
- o Tenkinga om transportsystem som fundament for regional utvikling.
- o Fokus på stamvegane - med hamner - transportkjeder og transportkorridorar mellom landsdelane.
- o At framkome - reduserte avstandkostnadar vil styrke konkurransekrafta i næringslivet i regionane og medverk til å oppretthalde busetting i distrikta.


### Vårt syn på stamvegane og rv 9 er vidare m.a. at :


- o Vegen er fundamental livnerve for alle delar av Setesdal
  - for reiselivet ( gjennomreisande og gjester hit) og anna turistmessig utvikling (hytter) og opplevings/-attraksjonsutvikling
  - for busetting og pendling - i arbeids- og buregionen (lokalt /regionalt)
  - for regionsenterfunksjonen og dynamikk med regionen oppstrøms
- o Vegstandard og estetikk er ein del av reiseopplevinga i den særmerkte dalen.
  - Pilotprosjekt med Profilprogram (banner / merkesteinar - synleggjering) bør vidareførast.
- o Vegstandard og trafikktryggleik er viktig for lokal/regional ferdsle og for reisande mellom landsdelar frå Europa - og Sørlandet til Vestlandet.

### Andre aktuelle lokale prosjekt - innspel til NTP-arbeidet:

- o Styrkt turistiristisk tilrettelegging langs stamvegruta er aktualisert gjennom signala for Hardangerbrua i ny NTP - og med den nye hurtigferja mellom Kristiansand og Hirtshals. Med Hardangerbru vil Setesdals-vegen, Rv 9, vere første ferjefrie transportåre mellom porten til Europa og Fjordane i vest. Den er alt det raskaste i kjøretid - og vi tillet oss og å meine; den mest særmerkte og vakraste ruta får sør til vest!
- o Sommarvegen Brokke-Suleskard-Lysebotn kan utviklast til turistveg.
- o Sykkelrute 3- er viktig både lokalt /regionalt i høve folkehelse men og med tanke på vidareutvikling av geoturisme og grønt reiseliv.
- o Det er trong for etablering av raste-kvileplass for tungtransport i knutepunktet Haukeli
- o I Setesdal har ein mange anlegg av Kultur/ -samferdslehistoriske interesse (jf. nasjonal verneplan) m.a. Fånefjell/ Setesdalsbana/ dampbåten Bjoren som har potensiale for tilrettelegging og synleggjering.

Med vennleg helsing

  
 Kay A. Jeiskelid  
 styreleiar

  
 Signe Sollien Haugå  
 dagleg leiar

### **Kopi til:**

#### **Bedriftsgruppa i Setesdal**

Avinor AS	Postboks 150	2061	Gardermoen
Jerbaneverket	Postboks 4350	2308	Hamar
Fiskeri- og kystdepartementet	Postboks 8118 Dep	0032	Oslo
Statens Vegvesen	Postboks 8142 Dep	0033	Oslo
Kystverket	Serviceboks 2	6025	Ålesund

Statens vegvesen Region Sør  
Bedre Stamvei på Sørlandet

Serviceboks 723  
Sjøsanden Næringshage, Hollendergata 3

4808  
4514

Arendal  
Mandal